


# NEPAL

A scenic view of a snow-capped mountain peak in Nepal, with a forested valley and a small town in the foreground. The mountain is the central focus, with its peak covered in snow and set against a clear blue sky. The valley below is filled with dense green and brown foliage, and a small town with white buildings and red roofs is visible in the lower left. The overall atmosphere is peaceful and majestic.

kulturmix 2010



# Kulturmix

24. mars - 7. april  
2010

Då er vi klar for ny jomfrutur med Kulturmix. Nepal blir land nummer 8 som Kulturmix besøker, når sommarturane til Italia, Kypros, Skopelos og Kroatia ikkje er rekna med, og heller ikkje kulturmix-treffet i Tallin.

Som for alle turar med Kulturmix, er vi litt forsiktige med å gå i detalj når det gjeld programmet. Men vi kan love ei både spennande og eksotisk reise -ei oppdagingsreise..

Vi skal besøke hovudstaden Kathmandu, den gamle hippiebyen Pokhara og jungelen med regnskog og tigersafari på elefantrygg for dei som har lyst.

...og så skal vi synge! Mykje!!

Turen vert gjennomført av  
Globe Traveller i samarbeid med Fokus Reiser i Kristiansand  
som er teknisk arrangør med RGF,  
og Himalaya Reiseklubb.

*Kulturmix*

**Hovedstad**

**Kathmandu**

Største byer:

*Pokhara,*

*Nepalgunj og*

*Birgunj.*

**Offisielt språk**

**Nepali**

som er i slekt  
med hindi.

I tillegg vert  
engelsk nytta  
innanfor offent-  
leg forvaltning,  
forretningsliv  
og i høgere ut-  
danning.

**Folketall**

**26 millionar.**

Forventa leveal-  
der 62 år.



# Kathmandu

Største by  
og hovedstad

## Program

### Onsdag 24.03.

Avreise fra Oslo

### Torsdag 25.03.

Ankomst Kathmandu  
om kvelden.

### Fredag 26.03.

Sightseeing,  
Kathmandu, Thamel,  
Durbar Square,  
Bhodnat, Pashupati-  
nat, Swayambunat.


Her vil vi møte ein sydande by og eit frodig folkeliv med støyande trafikk. Der vil bli sightseeing til Thamel, Durbar Square, Bhodnat, Pashupatinat, Swayambunat og vi får oppleve gamle Kathmandu med sine spennande basarar, eksotiske tempel og det som for våre auge er merkelege framtoningar i gatene.


Dette blir ei anna oppleving enn turistfellene i syden.

I Kathmandu er det også tenkt at vi skal møte kor å "mixe" med. I motsetning til ein del av dei songarane vi vil møte på turen, og som har ein noko spesiell sangteknikk, så syng desse litt meir slik vi tenkjer oss korsang.

Vi skal også besøke ein by der samtlege innbyggjarar er fødde inn i musikarkasten og må ha song og musikk som leveveg enten dei likar det eller. Dei ønskjer også å mixe, men det er vanskeleg å vite på forhånd korleis *det* vil fungere.

I den byen ønskjer dei også å arrangere ein konsert, der vi opptre for kvarandre, og kan-skje med kvarandre.





# Chittwan

Sletteland  
mot grensa til India

På reisa til Chittwan vil vi få oppleve eit terreng og eit landskap som tek pusten frå dei fleste. Reisa tek 4-5 timar med buss frå Kathmandu.

Her skal vi mellom anna ha treff med lokale musikkarar i ein spesiell landsby.

Chittwan er eit område nede på den indiske lavsletta med mange nasjonalparker. Landsbyen med sangarkasten ligg ca 8 km fra den næraste nasjonalparken, der vi skal bu.

I Chittwan blir det også høve til "jungelsafari" inn i regnskogen på elefantrygg. Kanskje vi er heldige og får sjå eit eksemplar av den bengalsk tiger.. Dei lever i dette området.

Etter Chittwan dreg vi vidare til Tansen via Butwal. Veien til Butwal går langs lavsletta.

Butwal var tidligare utgangspunkt for ein av karavaneveiane inn til Tibet. For nokre av oss er byen kjend for den store industrisatsinga som folk i Tibetmisjonen har fått i gang.

Veien vidare mot Tansen går gjennom ein trang dal og stig frå ca 150 m.o.h. til ca 1800 m.o.h. Tansen er ein gammal distriktshovedstad. Norske misjonarar har drive sjukehus her i meir enn 50 år. Vi vil få sjå litt av det arbeidet som nordmenn har lagt ned i dette landet .

## Program

**Laurdag 27.03.**  
Til Chittwan.  
Korøving

**Søndag 28.03. I**  
Chittwan  
- Morgen:  
Elefantriding.  
- Etermiddag:  
Fagleg program

**Måndag 29.03**  
Med buss via Butwal til Tansen

*Kulturmix*



## Program

### Tirsdag 30.03.

Via Andhi Khola til Pokhara.

### Onsdag 31.03.

I Pokhara  
Turer/slapp av  
Fagleg program

### Torsdag 01.04.

I Pokhara  
Turer/slapp av  
Fagleg program

### Fredag 02.04.

Tilbake til  
Kathmandu.

### Laurdag 03.04.

- Fri/sightseeing  
- Fagleg innhald  
med lokalt kor

### Søndag 04.04.

- Fri/sightseeing  
- Fagleg innhald  
med lokalt kor  
med lokalt kor

### Måndag 05.04.

- Fri/sightseeing  
- Fagleg innhald  
med lokalt kor

### Tirsdag 06.04.

Fagleg innhald  
Konsert

### Onsdag 07.04.

Retur til Norge

# Pokhara


900m o. h.  
i subtropisk klima

**Andhi Khola** er staden som vart kjend for eit kraftverk som vart bygd med utrangerte maskiner frå Mesna på Lillehammer, og som fekk FN sin Blue Planet pris.

**Pokhara** ligg 210 km vest for Kathmandu og er feriebyen framfor andre i Nepal. Her er det at vi kjem nærast den snødekte og over 6700m høge fjellrekkja "Fiskehalefjellet" (sjå bileta øverst på kvar side i brosjyra her) På 70-talet var dette ein pilgrims stad for hippiar, og utbrytarar, og mange reiste aldri her ifrå.

Pokhara var eit viktig sentrum på ei av handelsrutene mellom India og Tibet. Men då gamlebyen brann i 1949 gjekk alle viktige historiske bygningar tapt.

Denne byen er også utgangspunkt for turar til bl.a. Mount Everest og ein kan velge mellom forskjellige turar frå det heilt enkle til dei verkeleg store utfordringane. Kanskje blir det høve til ein fjelltur til fots også, for den som måtte ønskje det.



*Kulturmix*



# Pris

kr 26.100,-  
( min. 25 deltakere.)

## Prisen dekkjer:

- \* Fly Osl/Kathmandu/Osl inklusive flyplassavgifter.
- \* All transport i Nepal
- \* Inngangsbillettar
- \* Notar / studiemateriell
- \* Alle måltid
- \* Alle overnattingar på dobbeltrom
- \* Utgifter til lokale songarar/musikarar.
- \* Reiseleiingar på heile turen.
- \* Eigen representant for Nepali reisebyrå alle dagene i Nepal.
- \* Tips til sjåførar, bagasjeberarar og tilretteleggarar frå Nepal.

## Prisen dekkjer ikkje:

- \* Visum.  
( vert kjøpt ved ankomst US\$ 30,- i cash )
- \* Reiseforsikringar
- \* Reiser mellom heimstad og Gardermoen

## Forfall

for påmelding og depositum à kr. 3000,-  
**16. desember 2009**  
Forfall for restbeløp à kr. 22.600,-  
**26. januar 2010**

Betalast til Globe Traveller AS  
kontonr. 3991.05.30384

*Kulturmix*

## FLYTIDER

### utreise:

#### OSLO-LONDON

24MAR SK811  
17.10-18.30

#### LONDON-ATAURO

24MAR EY018  
20.40-07.40  
(25MAR)

#### ATAURO-KATMANDU

25MAR EY292  
14.10-19.55

## FLYTIDER

### heimreise:

#### KATMANDU-ATAURO

06APR EY293  
21.35-00.25

#### ATAURO-LONDON

07APR EY011  
02.35-07.20

#### LONDON-OSLO

07APR SK804  
10.20-13.30